

FAKTA

Kort om det nye søknadssystemet for produksjonstilskot og tilskot til avløsning ved ferie og fritid

- Søknaden om tilskot består av to delar:
 - Del 1 har søknadsfrist 15. mai (teljedato 1. mai).
 - Del 2 har søknadsfrist 15. oktober (teljedato 1. oktober).
- I tillegg er det ein etterregistreringsfrist 10. januar, for utgifter/opplysningar du får etter 15. oktober og fram til 31. desember. Etterregistreringsfristen gjeld for
 - utgifter til avløsning
 - dyr som er sankt frå utmarksbeite
 - frukt, bær og veksthusgrønsaker (inkl. salat på friland) samt poteter dyrka i Nord-Noreg.
 - kylling og kalkun selt som livdyr
- Tilskotet for søknadsåret 2017 blir betala ut i februar 2018.

Du finn meir informasjon om det nye søknadssystemet på www.landbruksdirektoratet.no

Søk om produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløsning ved ferie og fritid innan 15. oktober 2017

Frå og med 1. oktober kan du levere del 2 av søknaden om produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløsning ved ferie og fritid. Søknadsfristen er 15. oktober. Tilskotet blir betala ut i februar 2018.

KVEN KAN SØKE?

Både føretak som driv med husdyrproduksjon og føretak med planteproduksjon kan søke om tilskot i oktober.

KVA KAN EG REGISTRERE OG SØKE OM TILSKOT FOR I OKTOBER?

Du kan søke om

- tilskot til avløsning ved ferie og fritid for 2017
- tilskot for husdyr (unntatt ammegeit og sau)
- tilskot til økologisk areal og husdyrproduksjon
- tilskot for bevaringsverdige husdyrraser
- distriktstilskot for frukt, bær og veksthusgrønsaker og salat på friland, samt matpotet dyrka i Nord-Noreg
- areal- og kulturlandskapstilskot
- tilskot for dyr på beite
- tilskot for dyr på utmarksbeite
- driftstilskot til mjølkeproduksjon
- driftstilskot til spesialisert stofekjøttproduksjon

Du kan registrere dyr som gir grunnlag for

- tilskot for avløsning ved ferie og fritid for 2017
- tilskot for grovfôrareal

KOR FINN EG SØKNADSSKJEMAET?

Søknadsskjemaet finn du på www.landbruksdirektoratet.no. Du kan tidlegast søke 1. oktober.

VER TIDLEG UTE MED Å SØKE

Landbruksdirektoratet har utvikla eit nytt elektronisk søknadsskjema, som blei brukt første gong ved del 1 av søknaden i mai (del 1 var berre for husdyrprodusentar). Det nye søknadsskjemaet ser annleis ut enn det gamle skjemaet, og det har nokre nye funksjonar. Fleire av opplysningane du oppgir i søknadsskjemaet vil bli kontrollert av systemet før du sender inn søknaden. Kontrollane reduserer risikoen for at du fører opp feil opplysningar i søknaden.

Vi anbefaler at du er tidleg ute med å søke. Dersom du trenger rettleiing, ta kontakt med landbrukskontoret i din kommune i god tid før søknadsfristen.

SØKNADEN MÅ LEVERAST ELEKTRONISK

Det er ikkje lenger mogleg å levere søknad på papirskjema. For å søke elektronisk, må du ha tilgang til å logge deg inn via Altinn. Du kan logge deg inn ved å bruke minID, BankID, Buypass, Commfides eller BankID på mobil. Har du problem med å logge inn, ta kontakt med Altinn si brukarstøtte på tlf. 75006000.

Når du sender inn elektronisk søknad om produksjonstilskot, må du oppgi ei e-postadresse eller eit mobiltelefonnummer. Dette er for at vi skal kunne varsle deg om at du har fått vedtak om tilskot eller informasjon om nye søknadsomgangar i Altinn-innboksen din.

SØKNADSRISTEN ER 15. OKTOBER

Søknadsfristen for del 2 av søknaden er 15. oktober. Då dette er første året med ny søknadsfrist, vil det vere mogleg å levere søknad fram til og med 29. oktober. Merk at dette berre gjeld i 2017. Om du ikkje har levert søknaden i løpet av 29. oktober, får du ikkje levert søknad. Du kan framleis søke om dispensasjon frå søknadsfristen, men dispensasjon blir berre gitt i særlege tilfelle.

Frå og med 2018 vil det ikkje vere mogleg å levere inn søknad etter at søknadsfristen har gått ut.

DU KAN ENDRE OPPLYSNINGANE I EIN INNSENDT SØKNAD I 14 DAGAR ETTER AT SØKNADSRISTEN HAR GÅTT UT

Dersom du har levert søknaden innan fristen, kan du endre opplysningane i søknaden i 14 dagar etter at søknadsfristen har gått ut, utan å få trekk. For del 2 av søknaden i 2017 er søknadsfristen 15. oktober, og du kan dermed endre søknadsopplysningane fram til og med 29. oktober.

GJER DEG KJENT MED REGELVERKET

Søker du om produksjonstilskot, må du kjenne reglane for tilskotet i jordbruksavtalen og i forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket. Fleire informasjonskjelder kan vere nyttige for deg som søker tilskot:

- [Rettleiar for utfylling av søknad om produksjonstilskot](#) gir deg informasjon om kva vilkår du må oppfylle for å ha rett på tilskot, og rettleiing til korleis du skal fylle ut søknaden.
- [Jordbruksavtalen](#) og [forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket](#) inneheld reglane som gjeld for tilskotet.
- [Rundskriv 2017/27](#) gir deg informasjon om korleis ein skal forstå reglane i forskrifta.

NYTT FRÅ JORDBRUKSOPPGJERET

I [rettleiar for utfylling av søknad om produksjonstilskot og avløysartilskot](#) finn du eit samandrag av endringane frå jordbruksoppgjeret 2017 som gjeld produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid.

SØKNADSRISTAR I 2018

I 2018 vil del 1 av søknaden opne 1. mars, med teljedato 1. mars og søknadsfrist 15. mars. Søknaden må vere levert innan 15. mars, men søknader som er levert innan fristen kan endrast til og med 29. mars. Det er berre føretak med husdyrproduksjon som kan søke om tilskot i mars.

Del 2 av søknaden vil på same måte som i 2017 opne for registrering 1. oktober, med teljedato 1. oktober og søknadsfrist 15. oktober. Søknaden må vere levert inn innan 15. oktober, men søknader som er levert innan fristen kan endrast til og med 29. oktober. Både føretak som driv med husdyrproduksjon og føretak med planteproduksjon kan søke om tilskot i oktober.

BRUKARSKIFTE I MJØLKEPRODUKSJON

Dersom du planlegg brukarskifte rundt 1. oktober, må du og ny brukar melde frå til meieriet i god tid før brukarskiftet skal skje. For å få produksjonstilskot for mjølkekyr må føretaket disponere mjølkekvote på registreringsdato 1. oktober. Ver merksam på at mjølkekvota må vere knytt til organisasjonsnummeret til føretaket som søker om produksjonstilskot.

HAR DU SPØRSMÅL OM PRODUKSJONSTILSKOT ELLER TILSKOT TIL AVLØYSING VED FERIE OG FRITID?

Les om produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid i [retteleiar for utfylling av søknad om produksjonstilskot](#), eller kontakt kommunen din. Meir informasjon om det nye søknadssystemet for produksjonstilskot finn du på [Landbruksdirektoratets nettside om nytt søknadssystem 2017](#). Du finn og ei oversikt over ofte stilte spørsmål på Landbruksdirektoratets nettside under [Produksjon og marked/Produksjonstilskudd/Ofte stilte spørsmål](#).

ERSTATNING VED KLIMABETINGA SVIKT I PLANTE- OG HONNINGPRODUKSJON – SJÅ TIL AT KLIMASKADEN BLIR DOKUMENTERT

Har du blitt utsett for avlingssvikt forårsaka av klimatiske forhold, kan du ha rett til erstatning.

Erstatning føreset at klimatisk skade som årsak til avlingssvikten er godt dokumentert (stadfesting av klimaskade frå kommunen eller eit profesjonelt fagmiljø, skadeomfang i heile område, bilde, meteorologiske data m.m.). Meld frå til kommunen så raskt som mogleg for å gi kommunen moglegheit til å kontrollere årsaka til skaden. I dei tilfella kommunen ikkje har vore på feltkontroll, er god dokumentasjon avgjerande for å ha rett til erstatning. Dokumentasjonskravet gjeld òg ved svikt i honningproduksjon.

Søknadsfristen for erstatning ved svikt i plante- og honningproduksjon er 31. oktober.

Du kan lese meir om erstatningsordninga på Landbruksdirektoratet si nettside. Du søker om erstatning ved å klikke på «Søk erstatning» under «Elektroniske tjenester» på nettsida. Det er innlogging via Altinn, akkurat som ved søknad om produksjonstilskot.